

# Blikraåna Kraftverk AS

-eit gardskraftverk i Blikrabygda, Vats, Vindafjord kommune

Blikraåna Kraftverk vart sett i drift 27. september 2006 etter ein planleggingsprosess på 7-8 år og ein anleggsperiode på om lag 2 år. Anleggskostnadane er om lag kr. 2,1 mill. , då er ikkje medrekna arbeidsinnsatsen til eigarane, som er om lag 75% av alt nedlagd arbeid med graving, betongarbeid og bygging. Kraftverket er eit samarbeidsprosjekt mellom eigarane av gardsbruka Blikra 128/2 og Svantesvold 127/2 i Vindafjord og i vedtektene for aksjeselskapet heiter det at aksjene ikkje kan overdragast til andre enn dei som til ei kvar tid står som eigarar av desse to gardane.

Blikraåna, som kraftverket tek inn vatnet frå, har ei middelvassføring på om lag 100 l/s.

Nedslagsfeltet ovanom inntakskummen er om lag 1.5 km<sup>2</sup>. og inkluderer Stemvatnet 580 m.o.h. Dette vatnet har vore regulert sidan gammal tid til bruk for kverndrift og sagbruksdrift.

I kraftverket er installert ein 250 kw pelton turbin bygd i Erfjord i Suldal. Produksjonen er styrt elektronisk gjennom ein nivåfølar i inntakskummen som justerer farten på turbinen etter kor mykje vatn som til ei kvar tid renn inn i og gjennom kummen.

Fallhøgda mellom inntakskummen og turbinhuset er 235 m, og max effekt på turbinen er registrert til 224 kw Røyr gata av 315mm utvendig diameter PVC-røyr, er 920m lang og nedgroven i full lengde.

Første driftsåret ser det ut som årsproduksjonen kjem til å bli 0,9 – 1,0 GWh, altså nok til om lag 50 husstandar. Om lag 60.000 KWh ( 5 % av årsproduksjonen) blir bruka på dei to gardane som eig kraftverket, resten blir levert til det lokale kraftselskapet Haugaland Kraft, som og leiger ¼ av turbinhuset til transformator kiosk.

Høgspenlinja gjennom Blikrabygda vart fornya og nedgroven i samband med bygginga av kraftverket og omlagd til å gå innom verket. Langs høgspenlinja la me så egne kablar til kvart av gardsbruka.

Det er lagt vinn på å gi turbinhuset og området i kring ei estetisk utforming slik at det går godt i hop med naturen og det gamle kvernhusmiljøet langs åna.

Det er meininga å fullføra restaureringa av den gamle kverna på Svantesvold, som er den einaste attverande av i alt 7 kvernhus som gardane i Blikrabygda hadde langs åna.

Lenger oppe finst og grunnmurane etter ei oppgangssag frå 1700- talet. Det er opparbeidd tursti langs åna frå Vatsvatnet til Stemvatnet. slik at turgåarane attåt naturopplevingane får ei oppleving av bruk av vasskraft i Blikrabygda i gammal og ny tid.



Sjølvgjort er velgjort!